



SAKSFRAMLEGG

Dato
21.10.04

Referanse

Saksbehandlarar :
Nils-Gunnar Solli, 71 25 88 63
Lillian Sæther Sørheim, 71 25 81 96

Saksgang:

Utval	Møtedato
Kulturutvalet	20.10.04
Nærings – og miljøutvalet	19.10.04
Fylkesutvalet	01.11.04

Sak U-128/04 A

STORTINGSMELDING OM KULTUR OG NÆRING - INNSPEL TIL ARBEIDET FRÅ MØRE OG ROMSDAL FYLKE

./ Vedlagt følger framlegg frå regional- og næringsdirektøren og kulturdirektøren til nærings- og miljøutvalet og kulturutvalet i sak NM-38/04 og sak Ku51/04.

Nærings- og miljøutvalet hadde saka føre i møte 19.10.04. Saka blei samrøystes vedteke.

Kulturutvalet hadde saka føre i møte 20.10.04, og følgjande vart tilført møteboka:

Leiar Frøydis Austigard, V, gjorde framlegg om følgjande tillegg i saksframlegget, øverst på side 3 etter kulepunktet:

”Då vi veit at det snart vil bli mangel på tilbod til å fylle ”Kultursekken”, har Møre og Romsdal fylke inngått avtale med Høgskolen i Volda om prøveproduksjon til ”Kultursekken”. Uteskole er og ein viktig del av innhaldet i ”Kultursekken” i Møre og Romsdal.”

Toril Melheim Strand, Ap, gjorde framlegg om følgjande tillegg i saksframlegget. Ny setning etter andre avsnitt på side 5:

”Det bør føre til tilskot/verkemiddel til kulturelt entreprenørskap”

Det blei samrøystes vedteke å ta begge tillegga inn i saksframlegget.

Saka blei samrøystes vedteke.

Vi rår fylkesutvalet til å gjere slikt

v e d t a k :

Fylkesutvalet i Møre og Romsdal viser til saksutgreiinga og legg denne til grunn som innspel til Kultur- og kyrkjedepartementet sitt arbeid med stortingsmelding om kultur og næring.

Ottar Brage Guttelvik
fylkesdirektør